



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Samarbeidsavtale mellom Aure kommune og den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal

Avtalen regulerer samarbeidet og samarbeidsformer mellom den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal fylkeskommune og Aure kommune. Avtalen skal sikre eit tverrfagleg samarbeid mellom etatane slik at dei som høyrer til dei prioriterte gruppene skal få eit godt tannhelsetilbod etter gjeldande lovverk og retningslinjer.

Aure kommune sitt ansvar:

- Forankre avtalen i rutinar og prosedyrar i institusjonane/etatane i kommunen som helsestasjon og skolehelsetenesta, helse- og omsorgstenesta, rusomsorg, flykingstenesta og barneverntenesta.
- Legge til rette for samarbeid med den offentlege tannhelsetenesta til beste for dei prioriterte gruppene.
- Informere om tilbodet den til offentlege tannhelsetenesta til personar som har rett på gratis tannhelsetenester.
- Informere den offentlege tannhelsetenesta om endringar i kommunen si organisering og planer for eks. helse- og omsorgstenesta som kan påverke tannhelsetenesta.

Den offentlege tannhelsetenesta sitt ansvar:


- Sørge for tannhelseundersøking, opplæring og behandling til prioriterte grupper.
- Bidra med kompetanse i det helsefremmande og førebyggjande arbeidet i samarbeid med relevant personell i kommunen.
- Kalle inn til samarbeidsmøte med leiarar og fagpersonar i dei aktuelle tenesteområde 1 gong pr. år, skrive referat og følgje opp eventuelle vedtak frå møtet.
- Informere om utvikling i tannhelsetilstanden til barn, unge og eldre ved institusjon
- Delta på relevante møteplassar og arbeidsgrupper der kommunen kan ha nytte av tannhelsetenesta si kompetanse.

Samarbeidet er forankra i følgjande lovverk

- *Lov om tannhelsetjenesten* [lov/1983-06-03-54](#)
- *Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester* [lov/2011-06-24-30](#)
- *Lov om folkehelsearbeid* [lov/2011-06-24-29](#)
- *Lov om helsepersonell* [lov/1999-07-02-64](#)
- *Lov om pasient- og brukerrettigheter* [lov/1999-07-02-63](#)
- *Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker* *Forvaltningsloven* [lov/1967-02-10](#)

Møre og Romsdal fylkeskommune

Dato: 27.10.21

Sign: 

fylkestannlege/tannhelsedirektør

Aure kommune

Dato:

Sign: